

Statuttar for tildeling av prisar ved UiT Noregs arktiske universitet

Fastsett av:	Rektor på fullmakt	Dato: 31.10.25
Ansvarleg eining:	Universitetsleiinga	Arkivref.: 2025/46002
Erstattar:	Statuttar for tildeling av prisar ved UiT Norges arktiske universitet	Arkivref.: 2023/468

1. Generelt om prisane

- Styret ved UiT Noregs arktiske universitet deler årleg ut desse prisane:
 - pris for innovativ formidling
 - forskings- og utviklingsprisen
 - innovasjonsprisen
 - pris til yngre forskar
 - utdanningsprisen
- Styret ved UiT Noregs arktiske universitet deler kvart anna år ut desse prisane:
 - likestillings- og mangfaldprisen
 - studentmiljøprisen
 - arbeidsmiljøprisen

Likestillings- og mangfaldsprisen og studentmiljøprisen delast ut i oddetallsår, og arbeidsmiljøprisen i partallsår.

- Prisane er ei påskjønning som skal stimulera til auka innsats, vera til inspirasjon for prisvinnarane og deira fagmiljø og stø opp under gjeldande strategi og strategiske satsingsområde.
- Kvar pris er på 100 000 kroner og eit diplom med namnet på prisen, årstal og namnet på prisvinnaren.
- Heile prisen skal brukast til tiltak i tråd med formålet for prisen. Prisane skal ikkje føra til noko form for reduksjon i driftsmidlar, løyving til utstyr eller andre gode som prisvinnarane elles har krav på.
- Det skal opprettast eit eige tiltak ved den eininga der prisvinnarane har si primære tilknytning, som prispengane skal overførast til. Eininga skal sørgje for støtte og oppfølging for bruk av midlane.

I punkt 7 er kriteria for kvar enkelt pris nærare beskrivne.

2. Om nominasjonen

2.1 Krav til nominasjonen

Dette må minimum gå fram:

- Kven som vert nominert.
- Grunngeving for nominasjonen, knytt til UiTs strategiar/strategiske satsingsområde.
- Kven som kjem med forslaget/nominasjonen.

Nominasjonane skal sendast inn på eige skjema innan den fastsette fristen.

2.2 Dokumentasjon

- Nominasjonane skal vera godt grunngitt og dokumenterte, og skal til saman vera på mellom ei og åtte sider.
- Dokumentasjonen skal vera skriven ut eller lagt ved som fil i e-brev. Han skal ikkje leggjast ved som lenke til internettside.
- Dersom dokumentasjonen er lyd/bilde-opptak, skal det leggjast ved ei kort beskriving av innhaldet.
- Dokumentasjon som kjem inn etter fristen vil ikkje bli vurdert.

3. Kven kan nominera?

Desse kan nominera kandidatar til UiT sine prisar:

- alle tilsette
- registrerte studentar
- einingar
- råd og utval
- forskingsgrupper og fagmiljø
- tilknytte organisasjonar (studentforeiningar, lokallag av fagforeiningar og liknande).

For utdanningsprisen må det vera studentar mellom forslagsstillarane.

Ein kandidat kan nominerast til fleire prisar.

4. Kven kan få UiT sine prisar?

Desse kan få UiT sine prisar:

- alle tilsette
- registrerte studentar
- einingar
- råd og utval
- forskingsgrupper og fagmiljø
- tilknytte organisasjonar (studentforeiningar, lokallag av fagforeiningar og liknande).

I tillegg kan prisane gå til personar eller miljø som har særleg tilknytting til universitetet og som har gjort ein framifrå innsats på eitt av områda for prisane.

For pris til yngre forskar gjeld ein del særlege vilkår, sjå punkt 7.4.

Prisane kan delast mellom fleire kandidatar.

Ein tidlegare prisvinnar kan ikkje få same pris på nytt før det har gått minimum fem år etter at vedkommande fekk prisen.

5. Priskomité

5.1 Komiteens samansetting

- Rektor nemner opp ein eigen komité til å vurdere nominasjonane og gi innstilling til universitetsstyret om kven som bør få prisane.
- Komiteen skal vera sett saman slik:
 - ein medlem frå rektoratet (leiar)
 - to andre tilsette ved UiT (som regel dekan/prodekan)

- ein ekstern medlem
- to studentmedlemmer

Det skal også nemnast opp vararepresentantar.

Studentparlamentet og TODOS føreslår studentmedlemmer. Studentane/ph.d.-kandidatane vert oppnemnde for eitt år. Resten av komiteen vert oppnemnde for tre år.

5.2. Priskomiteen sine oppgåver

- Komiteen skal ha minst eitt møte kvart år.
- Det skal førast referat frå møta. Rektor fungerer som sekretariat.
- I utgangspunktet har alle medlemmene lik stemmerett. Det er to unntak:
 - studentane har dobbeltstemme ved behandling av utdanningsprisen og studentmiljøprisen
 - leiar har dobbeltstemme i alle saker ved likt stemmetal.
- Komiteen skal komma med grunngitt innstilling til universitetsstyret. Nominasjonsskjema med kortfatta dokumentasjon av alle nominasjonane skal leggjast ved. Dei som ynskjer det, kan få utfyllande informasjon frå sekretær.

6. Saksgang

- Prisane skal lysast ut i haustsemesteret det året dei gjeld for.
- Rektor fastset frist for nominasjon.
- Nominasjonar som har komme inn innan fristen og som fyller krava i punkt 2 og 7 blir lagde fram for priskomiteen for behandling.
- Nominasjonane skal gjerast kjende etter at komiteen har vedteke innstilling.
- Innstillinga vert lagt fram for universitetsstyret, som gjer vedtak om tildeling.
- Namna på vinnarane vert gjort kjende først når prisane vert delte ut.
- Prisane vert normalt delte ut ved rektors årsfest/årsmarkering eller eit anna passende arrangement.

7. Kriterium for dei ulike prisane

For alle prisane gjeld at det må påvisast ei kopling til UiT sine strategiar/strategiske satsingsområde. Open vitskap er og eit kriterium for alle prisane. I tillegg gjeld desse kriteria for dei enkelte prisane:

7.1 Pris for innovativ formidling

Formidlingsprisen skal gå til personar/einingar/miljø som har utmerka seg ved ålmennretta og innovativ formidling av særleg høg kvalitet. Prisvinnaren skal ha vore med på å styrka universitetet sin posisjon og omdømme.

Alle former for populærvitskapleg formidling kan takast med i vurderinga. Det skal mellom anna leggjast vekt på kvaliteten på fagleg formidling, allsidig bruk av kommunikasjonskanalar og uttrykksformer, kreativitet, engasjement og vilje til å vera tilgjengeleg for slike oppgåver, fagfeltet sitt formidlingspotensial overfor ulike målgrupper og respons frå publikum.

7.2 Forskings- og utviklingsprisen

FoU-prisen skal heidra personar/einingar/miljø som har utmerka seg ved forskning eller kunstnarisk utviklingsarbeid av særleg høg kvalitet. Prisen set open vitskap som eit særleg kriterium for å verte tildelt prisen.

Prisvinnaren må vera nasjonalt leiande på sitt fagfelt, og – så framt fagfeltet eksisterer i andre land – også vera vel anerkjend av leiande utanlandske fagmiljø, samt prestasjonar knytt til konkurranseutsette arenaer for eksternfinansiering av forskingsprosjekt.

Dersom to eller fleire kandidatar stiller likt etter ei reint fagleg vurdering, skal det leggjast avgjerande vekt på deira innsats for å byggja opp eller styrka sine respektive fagmiljø, samt prestasjonar knytt til konkurranseutsette arenaer for eksternfinansiering av forskingsprosjekt.

Forslaga skal vera grunngitt og dokumenterte i form av kandidaten si publikasjons- eller kunstnariske formidlingsverksemd, andre synlege uttrykk for kandidaten sitt renommé, status og gjennomslagskraft i nasjonale og utanlandske fagmiljø og kva kandidaten betyr for eige fagmiljø når det gjeld miljøskapande og forskingsfremjande innsats.

7.3 Innovasjonsprisen

Innovasjonsprisen skal gå til personar/einingar/miljø som har utmerka seg ved framifrå forskingsbasert innovasjonsarbeid.

Prisen har som formål å gi heider til personar og miljø som bidreg til vidareutviklinga av eit kunnskapsbasert næringsliv/offentleg verksemd og skal stimulera til forskingsbasert innovasjon og entreprenørskap. Prisen vert tildelt på bakgrunn av innovative idear som har komme fram ved UiT, som har vorte, eller har stort potensial til å bli, tatt i bruk i samfunnet og som kan vera samfunnsnyttig og/eller føra til verdiskaping. Tildelinga av prisen skal visa kor viktig forskning er som utgangspunkt for innovasjon. Innovasjon omfattar i denne samanheng alle formar for innovasjon, også for produkt og tenester.

Det bør leggjast ved informasjon om korleis kandidaten/kandidatane har brukt forskning som ein viktig del av innovasjonsarbeidet sitt, kva resultat som er oppnådd, verdiskapingspotensialet og korleis kandidaten/kandidatane tek samfunnsansvar knytt til innovasjonsarbeidet.

7.4 Pris til yngre forskar

Pris til yngre forskar skal gå til ein forskar eller kunstnar som har utmerka seg ved framifrå forskning eller kunstnarisk utviklingsarbeid.

Kandidatar som er under 40 år ved inngangen til det året prisen gjeld for, kan nominerast.

Kandidaten må ha ei lovande karriere med viktige prestasjonar passande for fagfeltet og karrierestadiet. Det vil bli lagt vekt på i kva grad det representerer sjølvstendig arbeid. Kandidaten må for eksempel vera førsteforfattar på / vera hovudskapar av minst ein viktig publikasjon eller tilsvarande.

I vurderinga kan det også leggjast vekt på prestasjonar i arbeid knytt til formidling, likestilling, utdanning og innovasjon, samt prestasjonar knytt til konkurranseutsette arenaer for eksternfinansiering av forskingsprosjekt.

Forslag skal vera grunngitte og dokumenterte i form av kandidaten si publikasjonsverksemd/ kunstnariske verksemd og andre synlege uttrykk for kandidaten sine resultat.

7.5 Utdanningsprisen

Utdanningsprisen skal gå til tilsette/einingar/miljø som har utmerka seg ved framifrå arbeid for å betra undervisnings- og utdanningskvaliteten, og der arbeidet samtidig støttar opp under universitetet sine strategiske satsingsområde for utdanningsverksemda.

Nominasjonen bør gi døme på tiltak, verkemiddel og/eller læringsfremjande teknologi som er med på å heva kvaliteten og betra undervisning og rettleiing, fagleg innhald og læringsmiljø. Andre faktorar det vil kunna bli lagt vekt på, er om arbeidet er nyskapande, gir positive resultat, om det fremjar studentrekruttering, og er særleg tett kopla til forskingsverksemda. Det vil også kunna ha noko å seia at utviklingstilbod er kvalitetssikra i samarbeid mellom fleire aktørar – til dømes studentar og/eller arbeids- og næringsliv, og i samarbeid med andre institusjonar.

Det vil bli lagt vekt på brei støtte hos fagmiljø og studentar. Arbeidet og eventuelle resultat av dette skal dokumenterast i den grad det er mogeleg.

Studentar må vera med å nominera til utdanningsprisen, jf. pkt. 3.

7.6 Likestillings- og mangfaldsprisen

Likestillings- og mangfaldsprisen skal tildelast personar/einingar/miljø som har utmerka seg ved framifrå arbeid for å fremja likestilling og mangfald ved universitetet.

Likestillings- mangfaldsprisen skal ta utgangspunkt i likestillingsmålsetjingar i UiT sine strategi- og handlingsplanar. Nominasjonen bør gi døme på tiltak, verkemidlar eller langsiktig innsats som har vore med på å bevisstgjera studentar og tilsette om likestilling og mangfald, samt fremja likestilling og mangfald ved UiT.

Det vil bli lagt vekt på kreativitet, resultatorientering og originalitet i utforminga av tiltak, og på oppnådde resultat.

Prisen delast ut kvart anna år i oddetallsår.

7.7 Studentmiljøprisen

Studentmiljøprisen skal gå til tilsette/studentar/studentforeiningar/einingar/miljø som har utmerka seg med systematisk og målretta arbeid for å utvikla og forbetre studentmiljøet.

Prisen skal stimulera til auka innsats på studentmiljøområdet ved universitetet. Føremålet er å fremja og belønne engasjement og initiativ som bidreg til eit positivt, inkluderande og berekraftig studentmiljø.

Prisen skal tildelast på bakgrunn av tiltak med påviste gode resultat, og/eller tiltak som demonstrerer kreativt og nyskapande arbeid for å fremja eit godt studentmiljøet. Tildelinga skal vise kor viktig eit godt studentmiljø er for alle ved UiT.

Ved utveljing av prisvinnaren(-ane) skal det leggjast vekt på:

- Arbeid eller tiltak som har bidratt til å skape eit godt studentmiljø eller til å fremje eit inkluderande studentliv som bidreg til motivasjon, meistring og sosiale arenaer.
- Arbeid eller tiltak som har bidratt til auka trivsel blant studentar og/eller grupper av studentar.
- Arbeid eller tiltak som har bidratt til å styrka det generelle nivået på arbeidet med studentane si helse, miljø og sikkerheit (HMS), og/eller auka kunnskapen og forståinga for kor viktig eit godt studentmiljø er.
- Arbeid eller tiltak som har bidratt til å løyse konkrete studentmiljøutfordringar.

Prisen delast ut kvart anna år i oddetalsår.

7.8 Arbeidsmiljøprisen

Arbeidsmiljøprisen skal gå til tilsette/einingar/miljø som har utmerka seg ved systematisk og målretta arbeid for å utvikla og forbetre arbeidsmiljøet.

Prisen skal stimulera til auka innsats på arbeidsmiljøområdet ved universitetet. Føremålet er å skapa større forståing av betydninga av arbeidet med helse-, miljø og sikkerheit (HMS) samt å bidra til auka fokus på medarbeidarskap og leing.

Prisen skal tildelast på bakgrunn av arbeidsmiljø-/HMS-tiltak med påviste gode og varige resultat, og/eller tiltak som demonstrerer kreativt og nyskapande arbeid for å fremja eit godt arbeidsmiljø. Tildelinga skal vise kor viktig eit godt arbeidsmiljø er for alle ved UiT.

Ved utveljing av prisvinnaren(-ar) skal det særleg leggjast vekt på:

- Arbeid eller tiltak som har bidratt til å skape eit godt arbeidsmiljø eller til å fremja eit inkluderande arbeidsliv som bidreg til meistring, helse og trivsel.
- Arbeid eller tiltak som har bidratt til å styrka det generelle nivået på HMS-arbeidet, og/eller auka kunnskapen og forståinga for viktigheita av eit godt arbeidsmiljø.
- Arbeid eller tiltak som fremjar ein tydeleg HMS-profil og som har bidratt til å setje viktige problemstillingar innan arbeidsmiljø på dagsorden.
- Arbeid eller tiltak som har bidratt til å løyse konkrete HMS- og arbeidsmiljøutfordringar.

Prisen delast ut kvart anna år i partallsår.